

Balestrand kommune

Rådmannen

Kommunal- og regionaldepartementet
postboks 8112 Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP

14 JAN 2005

04/2771-71

Ark. 013

Avd. BA 1 SSA 1 MAG

Saksnr.	Arkivkode	Saksh. / Telefon	Dykkar ref.	Dato
04/01392	026	Vidar Roseth 57694706	04/2771-4 MAG	13.01.05

DISTRIKTSKOMMISSJONEN SI INNSTILLING - HØYRINGSUTTALE

Vi viser til brev av 14.10.04 frå Kommunal- og regionaldepartementet og høyring av distriktskommisjonen si innstilling i NOU 2004:19 – "Livskraftige distrikter og regioner".

Balestrand kommunestyre har i møte den 20.12.04 samrøystes vedteke slik uttale til innstillinga:

1.

Balestrand kommune støttar Distriktkommisjonen i at det er naudsynt med desentralisering av makt til folkevalde organ på lokalt og regionalt nivå, for å utløyse meir av det samla verdiskapingspotensialet her i landet, og setje lokalsamfunna i stand til å ta større ansvar for eiga utvikling. Meir makt til det lokale og regionale forvaltningsnivået vil gjere det lettare å få fleire aktørar til å delta i ein forpliktande partnerskap, og bidra til ein meir heilskapleg politikk. I tillegg vil det leggje til rette for ein breiare og meir målretta distriktpolitikk, basert på samspelet mellom by og land.

Ei slik desentralisering av makt vil styrke demokratiet og vere i tråd med nærleiksprinsippet. Balestrand kommunestyre slutter seg til fleirtalet si tilråding av trenivåmodellen. I tillegg til oppgåver overført til regionalt nivå, bør det overførast ytterlegare oppgåver og ansvar til det kommunale nivået. Dette for å gjere det mogeleg for kommunane å ta større ansvar for eigne ressursar og eiga utvikling.

2.

Balestrand kommunestyre vil dessutan understreke at

- som demokratiske organ bør kommunane framleis ha eitt breitt ansvarsområde og størst mogeleg fridom til å prioritere mellom sektorar,
- endringar i kommunestrukturen bør vere frivillig og innbyggjarane må få uttrykkje sitt syn gjennom folkerøystingar,
- norsk landbruk framleis skal ivareta viktige samfunns mål som tryggleik for matvareforsyning, busetting og kulturlandskap. Lover og reglar bør tilpassast slik at det vert enklare å starte opp foredling og omsetje lokale råvarer. Lokal forvaltning på einskilde område vil gjere det mogeleg å utnytte dei samla ressursane på garden og naturgjevne føremoner betre, m.a. utmarksressursane,

Postadresse:
Rådhuset
6899 BALESTRAND

Besøksadresse:
Rådhuset
BALESTRAND

Sentralbord: 57 69 47 00
Telefaks: 57 69 12 05
Bankgiro: 3805.07.00043
Postgiro for skatt: 0827 5914186